

SABIMA kartleggingsnotat 2-2015

Moseprosjektet på Haugalandet m/ omland – rapport frå kartlegging av mosefloraen hausten 2015

Av Lars Dalen



Fra Bakkafossen i Årvik, Vikebygd i Vindafjord kommune. Her har John Inge Johnsen samla alle rundt seg for å prøva å formidla kunnskapar om dei ulike artane. Biletet viser at dei fleste flater er dekkja av mose. (Foto: Asbjørn Erdal)



Emneord: moser, Haugalandet, kartleggingsprosjekt

Føremålet med prosjektet er todelt:

1. Auka den generelle artskunnskapen om mose.
2. Kartleggja mosefloraen i område som er dårleg kartlagt frå før.

Metodikk

På dei ulike lokalitetane har det vorte laga krysslister og samstundes har dei med mest kunnskap orientert om kjenneteikn, veksemåte, økologi m.m. for dei ulike mosane. Vanskelege artar vart samla inn og granska nærmare for artsbestemming innandørs etter feltarbeidet. Det mest interessante materialet er tatt vare på og vil bli sendt til moseherbariet i Trondheim.

Deltakarar

I alt 11 personar deltok på ein eller fleire samlingar. Sjå tabell nedanfor.

		19. sept	30. sept	16-18. okt
Alf Harry Øygarden	Haugesund	X		X
Anders Lundberg	Bergen			X
Asbjørn Erdal	Tysvær	X		X
Asbjørn Knutsen	Bømlo	X		X
Bjørn Haaland	Bryne	X		
John Inge Johnsen	Rennesøy	X	X	
Lars Dalen	Vindafjord	X	X	X
Ove Førland	Hjelmeland	X		
Per Fadnes	Stord	X		X
Rolf Meling	Haugesund	X		X
Torbjørn Høitomt	Bø			X
Trond Magne Storstad	Stavanger	X		X

Av desse var John Inge Johnsen, Ove Førland, Anders Lundberg og Torbjørn Høitomt spesielt inviterte som moseekspertar.

Kartlagde område

Følgjande 6 område i Vindafjord kommune vart undersøkt:

1. Bekkekløft ved Bakkafossen, Årvik i Vikebygd (19. sept)
2. Bekkekløft ved Eidet, Årvik i Vikebygd (19. sept)
3. Edellauvskog på Opsal i Vikedal (17. okt)
4. Hagemark /edellauvskog på Strandnes i Vikedal (17. okt)
5. Søre Ilholmen i Bjoafjorden (30. sept og 18. okt)
6. Nordre Ilholmen i Bjoafjorden (30. sept og 18. okt)

Om dei ulike lokalitetane.

Bakkafossen, Årvik (32V LM 07371608), naturtype – bekkekløft.

Lokaliteten ligg like ved fylkesveg 734 der Bakkafossen stuper ned. Elva har svært variabel vassføring på grunn av stort nedslagsområde. Berggrunnen i området er hovudsakleg granitt. Fossen er vestvendt, men har bergvegger som vender mot nord og sør. Me registrerte 47 moseartar på denne lokaliteten, og dei fleste av dei er svært vanlege. Ein liten førekomst av flommose var unntaket.



Like ved fossen (Foto: AHØ) var det nokre store tuver med vassvare - *Marchantia polymorpha* (Foto: AE). Dei vaks i ei matte av mattehutremose. Vidare fann me berghinnemose – *Plagiochila porelloides*. (Foto: RD)

Eidet, Årvik (32V LM 06721603), naturtype - bekkekløft.

Lokaliteten er ved same elva, men nærare utløpet til fjorden. Bekkekløfta ligg i aust/vest-retning og bergveggene på begge sider er nokså lite soleksponert på grunn av terrenget rundt. Berggrunnen er her og mest granitt på eine sida av elva og fyllitt på andre sida. Me fann mange av dei same mosane som ved Bakkafossen, men eit rikt funn av flommose (fleire m²) viste at denne lokaliteten var rikare. På lokaliteten veks det og karplanter som hinnebregne og lav som lungenever, skrubbenever, grynfiltlav, grynporelav m.fl., som indikerar ein god lokalitet. Totalt noterte me 35 moseartar på denne lokaliteten.




Også ved Eidet var det meste langs bekkekløfta dekket av mose. (Foto: AHØ)
Ein av artane var bekkerundmose – *Rhizomnium punctatum*. (Foto: RD)



Flommosen – *Hyocomium armoricum* vaks i store matter på denne lokaliteten. Totalt var det fleire m², fordelt på fleire delførekomster. (Begge foto: RD)

Opsal, Vikedal (32V LM23110016/LL23379995/LM23210015), naturtype - rik edellauskog.

Lokaliteten ligg aust for riksveg 46. Storparten av lokaliteten er rasmark med innslag av grov ur. Lokaliteten ligg sørvendt under ein bratt bergskrent. Bergrunnen her er fyllitt med innslag av kalk, men mange av steinane i ura kjem frå hardare bergartar høgare oppe i lia.



På Opsal var det mange små lokalbiotopar inne i den grove ura. Dei store steinane laga nærast grotter som skjerma for direkte sollys og tok samtidig vare på fuktigheten. I ei av desse «grottene» vaks havmose – *Conardia compacta*. Dette er eit av få funn på Vestlandet. Mosen vaks på bakken og laga grønbrune mosematter. Diverre var mosen ikkje særleg fotogen. Namnet havmose er noko misvisande viss dette er ein typisk havmoselokalitet. Eit meir passende namn kunne vore grottemose. (Begge foto: RD)


Denne edellauvskogen er ein av dei største i Vindafjord og kanskje den rikaste. Av karplanter som er fråverande eller svært sjeldne andre stadar i kommunen kan nemnast: falkbregne, moskusurt, raudkjeks, stortrollurt og skjellrot. Treslaga alm og lind er og relativt vanlege i området. Av lav er randprikklav det sjeldnaste, men her veks fleire lav som har avgrensa utbreiing elles i kommunen.



Pyslommemose – *Fissidens gracilifolius* og fjordtvebladmose – *Scapania nemorea* er døme på to av dei mange mosane me noterte på Opsal. (Begge foto: AL)

Den grove ura deler området opp i mange små og varierte dellokaliteter med ulike veksttilhøve. Den grove ura lagar eit virvar av «grotter» og bergvegger som vender i alle retningar. Sjølv om det vart gjort mange funn i området, vart langt frå alle dellokaliteter undersøkte. Her er med andre ord potensiale for fleire interessante funn. Totalt noterte me 104 moseartar på denne lokaliteten, av desse 4 på raudlista og 2 nye for Rogaland. (Sjå tabellar nedanfor)

Strandnes, Vikedal (32V LM22840118) naturtype - hagemark med innslag av edellauvskog.



Spindelmose – Cololejeunea calcarea (Foto: AL) var ein av dei mosane som trivdest nær bekkespruten på Strandnes. (Foto: RD)

Lokaliteten ligg langs riksveg 46, på austsida. Det renn ein bekk gjennom lokaliteten som gir stabil fuktighet på ein del av lokaliteten. Berggrunnen er fyllitt. Lokaliteten ligg i eit kulturlandskap og deler har truleg vore ein husmannsplass tidlegare. Bergveggar og rasmark gir plass til små edellauvskogar i hagemarka. Det er gjort forsøk på å restaurera ei lita li med styva asketre, men diverre har mange av trea ikkje overlevd den harde styvinga som vart utført under dette restaureringsarbeidet. Lokaliteten har ein interessant og variert moseflora, men me fant ingen moseartar som me ikkje hadde funne på Opsal tidlegare på dagen. Dei få attlevande styvingstrea fortener ei betre kartlegging enn det me hadde tid til.

Søre Ilholmen (32V LM08362368) naturtype - hogstflate og strandberg.

Lokaliteten ligg i Bjoafjorden mellom Fjeldberg og Tittelsnes. Lokaliteten vart rydda for sitkagran for omlag 10 år sidan og frå å vera ein granørken er det nå mose og karplanter som har etablert seg over det meste av holmen. Sitkagrana spirer opp frå ein frøbank og må ryddast før øya på nytt vert ein sitkaplantasje. Berggrunnen er for det meste granitt.

Frå anna «mosehald» var me gjort merksam på at det på denne holmen var funne *Leptodontium flexifolium* – brannmose. Den 30. sept tok John Inge Johnsen og Lars Dalen turen ut for å sjå etter denne mosen og sjå kva som elles kunne veksa der. Me



Brannmose – Leptodontium flexifolium ovafor t.v. (Foto: AL) vaks spreidd over store deler av Søre Ilholmen. Den vaks på open jord, ofte nær trestubbar. På biletet ovafor og til venstre (Foto: RD) ser me mosen som heildekkande lysegrøne parti midt i bileta. Mosen er ein typisk pionervekst og er truleg konkurransesvak. Når gras og andre karplanter tar over holmen, vil nok brannmosen få vanskelegare levevilkår. Næraste og einaste kjende veksestad i Norge er på Lygra i Lindås kommune nord i Hordaland. Elles er mosen kjend frå dei britiske øyane. Korleis mosen har kome til Ilholmane er uvisst, men eit interessant emne å filosofera over.



Eit anna interessant funn på Søre Ilholmen var dvergfiltmose – *Aulacomnium androgynum*. (Foto: AL) Den vaks sparsamt på nokre trestubbar. Dette er første kjende funn av denne mosen i Rogaland.

fann mosen spreidd over eit relativt stort område. Den vaks på open jord og var tydeleg ein pionermose som truleg vil ha problem med å overleva når området veks til med karplanter og større mosar. Noko av området var brent og der var mosen vanlegast, men den vaks og på open jord utanfor brannområdet. Me gjorde og eit funn der mosen vaks på ei grov grein (restar etter gran). Ein annan raudlista mose som var spreidd utover same området, var *Campylopus pyriformis* – torvsåtemose. Det kan tyda på at den har omlag same preferanse til veksestad som brannmosen. Vidare vart *Aulacomnium androgynum* - dvergfiltmose funne på nokre trestubbar. Dette er første funn i Rogaland.

Den 18. oktober var heile mosegjengen ein tur for å studera dei sjeldne mosane og sjå etter andre artar på holmen. På dei to turane vart det til saman notert 67 moseartar på denne lokaliteten.

Nordre Ilholmen (32V LM08472518) naturtype - hogstflate og strandberg.

Lokaliteten ligg i Bjoafjorden mellom Fjeldberg og Tittelsnes. Lokaliteten vart rydda for sitkagran for omlag 10 år sidan og frå å vera ein granørken, er det nå mose og karplanter som har etablert seg over det meste av øya. Sitkagrana spirer godt over heile øya men fylkesmannen har fått rydda det meste. Likevel er dette noko som må følgjast opp jamnleg for å unngå at holmen på nytt vert ein sitkaplantasje.



Nordre Ilholmen sett frå Søre Ilholmen. Berggrunnen på det høge partiet mot aust er for det meste granitt, medan det flatare partiet mot vest er fyllitt, tildels kalkhaldig fyllitt. (Foto: AL)

På turen 30. sept. brukte me relativt lang tid på å gå over heile øya. Deler av øya har god berggrunn og godt oseanisk klima gav håp om interessante lokalitetar. Diverre har nok sitkagrana øydelagd mange lokalitetar og berre nokre små lommer har fått utvikla seg kontinuerleg slik berggrunn og klima legg til rette for. Sidan Nordre Ilholmen har same historie med rydding av gran for omlag 10 år sidan som Søre Ilholmen, var me ekstra på utkikk etter brannmosen. Og den fann me, men svært sparsamt. På denne holmen var all gran flishogd og ingenting var brent. Om det var grunnen til at brannmosen var mindre talrik på den Nordre Ilholmen har me ikkje grunnlag for å seia, men det kan tyda på det. Også her var *Campylopus pyriformis* – torvsåtemose, spreidd over store område. Eit anna overaskande funn var *Encalypta vulgaris* – småklokkemose. Den er knapt nok funnen på Vestlandet. På ein vestvendt lokalitet med berg og beitemark og noko som kan vera ei lita «lomme» som har unngått/overlevd påverknaden av grana, vaks denne mosen saman med mellom anna *Leptogonium brittanica* – papirhinnelav og *Pecnina atlantica* – kystblåfiltlav.

Av karplanter på holmen kan nemnast ein liten førekomst av pusleblom – *Anagallis minima* og vidare purpurlyng – *Erica cinerea*, som er spreidd over heile holmen. Dette er nær grensa for kor langt purpurlyng går inn i landet.



Torvsåtemose – *Campylopus pyriformis* var spreidd på begge Ilholmane. Den hadde omlag same økologi som brannmosen. Det var stor variasjon i mosefloraen på dei to holmane, på grunn av variert berggrunn og variert fuktighet. Ein representant for det tørre området, var sprikesteinmose – *Hedwigia stellata*. (begge foto: AL)

18. oktober var heile mosegruppa her, men med avgrensa tid vart det ikkje tid til å gå over heile holmen. Mange funn vart likevel registrert. Totalt på begge turane vart det registrert 71 moseartar på denne lokaliteten.

Rapportering

Alle registrerte funn, totalt 324 observasjonar, er lagt inn i www.artsobservasjoner.no. Krysslister med beleggoversyn er lagt ved rapporten

Raudlisteartar og regionalt sjeldne artar

Åtte raudlisteartar vart observert og 4 artar som nye for Rogaland, sjå tabelloversikt:

Tabell 2. Observerte raudlisteartar		
Art	Kategori	Funnstad
Flommose (<i>Hyocomium armoricum</i>)	VU	Rik førekomst ved Eidet i Årvik. Fleire dellokalitetar.
Havmose (<i>Conardia compacta</i>)	DD	Fleire m ² på jord i ei grov ur på Opsal i Vikedal.
Pyslømmemose (<i>Fissidens gracilifolius</i>)	VU	På stein i den same grove ura på Opsal i Vikedal.
Kuleknollvrangmose (<i>Bryum subapiculatum</i>)	NT	På bar jord på rotvelt i lia ved Opsal.
Kysttettemose (<i>Molendoa warburgii</i>)	VU	På kalkrikt, tidvis fuktig berg på Opsal.
Brannmose (<i>Leptodontium flexifolium</i>)	EN	Spreidd over eit nokså stort område på den Søre Ilholmen. Eit sparsamt enkeltfunn på den Nordre Ilholmen.
Torvsåtemose (<i>Campylopus pyriformis</i>)	VU	Spreidd over store område på den Søre og Nordre Ilholmen
Småkløkkemose (<i>Encalypta vulgaris</i>)	VU	Nordre Ilholmen på berg på same lokalitet som papirhinnelav og kystblåfjellav



Tabell 3. Observerte artar som «nye» for Rogaland

Art	Kategori	Funnstad
Dvergfiltmose (<i>Aulacomnium androgynum</i>)	LC	Sparsomt på nokre trestubbar på Søre Ilholmen
Havmose (<i>Conardia compacta</i>)	DD	Fleire m ² i ei grov ur på Opsal i Vikedal.
Kysttettemose (<i>Molendoa warburgii</i>)	VU	På kalkrikt, tidvis fuktig berg på Opsal.
Småklokkemose (<i>Encalypta Vulgaris</i>)	VU	Nordre Ilholmen på berg på same lokalitet som papirhinnelav og kystblåfiltlav

Tabell 4. Andre observerte artar med relativt få funn i området

Art	Kategori	Funnstad
Strandkjølmose (<i>Zygodon stirtonii</i>)	LC	Sparsomt på Nordre Ilholmen
Meietvebladmose (<i>Scapania compacta</i>)	LC	På nordvendt bergvegg på Nordre Ilholmen
Ospemose (<i>Pylaisia polyantha</i>)	LC	På Opsal
Hårskruevrangmose (<i>Bryum elegans</i>)	LC	På Opsal

Raudlistekategoriar: EN = sterkt truet, VU = sårbar, NT = nær truet DD = datamangel og LC = livskraftig

Prosjektet var så vellukka at det allereie nå er «vedtatt» å vidareføra det i åra som kjem. Til våren vert det ei (eller to) laurdagssamling(ar) – truleg på Bømlø og (??), og andre helga i oktober vil me ha ei ny helgesamling etter omlag same opplegg som i år. Denne samlinga vert truleg på Karmøy.

Til sist vil eg retta ei stor takk til John Inge Johnsen og Torbjørn Høitomt som har bestemt det meste av materialet. Dei har delt kunnskapar med oss og gitt oss innblikk i ei verd me visste mindre om på førehand. Takk til Anders Lundberg (AL), Asbjørn Erdal (AE), Alf Harry Øygarden (AHØ) og Randi Dalen (RD) for bilete til rapporten.

Moseprosjektet på Haugalandet m/ omland
v/ Lars Dalen, Kråkedalsvegen 15, 5582 Ølensvåg
E-post: lars@omega.no
Tlf. 9828 6826



Vedlegg

Krysslister

Kryssliste for Nordre Ilholmen 30. sept og 18. okt 2015

Latinsk navn	Norsk navn	RL2010	Belegg	Koordinat
Amblystegium serpens	Trådkrypmose			32VLM08572525
Andreaea rothii	Nervesotmose			32VLM08502520
Barbilophozia atlantica	Kystskjeggmose			32VLM08502520
Barbilophozia floerkei	Lyngskjeggmose			32VLM08502520
Barbula unguiculata	Vegskruemose			32VLM08632524
Bartramia ithyphylla	Stivkulemose			32VLM08502520
Bazzania trilobata	Storstylte			32VLM08572525
Bryum alpinum	Kopparvrangmose			32VLM08502520
Bryum argenteum	Sølvvrangmose			32VLM08502520
Bryum capillare	Skruevrangmose		x	32VLM08502520
Calliergonella cuspidata	Sumpbroddmose			32VLM08502520
Campylopus atrovirens	Pelssåtemose			32VLM08502520
Campylopus flexuosus	Trøksåtemose			32VLM08502520
Campylopus fragilis	Kostsåtemose		x	32VLM08472518
Campylopus introflexus	Ribbesåtemose			32VLM08472531
Campylopus pyriformis	Torvsåtemose	VU	x	32VLM08632524
Cephaloziella divaricata	Flokepistremose			32VLM08572525
Ceratodon purpureus	Ugrasvegmosse		x	32VLM08502520
Dicranella heteromalla	Smaragdgrøftemose			32VLM08502520
Diplophyllum albicans	Stripefoldmose			32VLM08472531
Encalypta vulgaris	Småklokkemose	VU		32VLM08472531
Fissidens bryoides	Dverglommemose			32VLM08472531
Fissidens dubius	Kystlommemose			32VLM08502520
Fissidens osmundoides	Stivlommemose			32VLM08572525
Frullania tamarisci	Matteblæremose			32VLM08572525
Grimmia decipiens	Kystknausing			32VLM08502520
Grimmia ramondii	Renneknausing			32VLM08472531
Hedwigia ciliata ssp. leucophaea	Gråsteinmose			32VLM08572525
Hedwigia stellata	Sprikesteinmose			32VLM08502520
Homalothecium sericeum	Krypsilkemose			32VLM08502520
Hypnum cupressiforme	Matteflette			32VLM08502520
Hypnum jutlandicum	Heiflette			32VLM08572525
Kindbergia praelonga	Sprikemoldmose			32VLM08502520
Lophocolea bidentata	Totannblonde		x	32VLM08572525
Lepidozia reptans	Skogkrekemose			32VLM08572525
Leptodontium flexifolium	Brannmose	EN		32VLM08632524
Marchantia polymorpha	Ugrastvare			32VLM08472531
Metzgeria conjugata	Kystband			32VLM08472531
Metzgeria furcata	Gulband			32VLM08502520
Mnium hornum	Kysttornemose			32VLM08502520
Pterogonium gracile	Kveilmose			32VLM08472531
Orthotrichum rupestre	Faksbusthette			32VLM08472531
Plagiochila porelloides	Berghinnemose			32VLM08572525
Plagiomnium affine	Skogfagermose		x	32VLM08572525



Plagiothecium cavifolium	Skeijamnemose			32VLM08572525
Plagiothecium succulentum	Pløsjamnemose			32VLM08572525
Polytrichum commune	Storbjørnemose			32VLM08502520
Polytrichum piliferum	Rabbebjørnemose			32VLM08502520
Pseudoscleropodium purum	Narremose			32VLM08632524
Ptilidium ciliare	Bakkefrynse			32VLM08502520
Racomitrium affine	Kollegråmose			32VLM08572525
Racomitrium heterostichum	Berggråmose			32VLM08572525
Racomitrium obtusum	Kystgråmose			32VLM08502520
Rhytidiadelphus loreus	Kystkransmose			32VLM08502520
Rhytidiadelphus squarrosus	Engkransmose			32VLM08502520
Scapania compacta	Meietvebladmose		x	32VLM08572525
Scapania gracilis	Kysttvebladmose			32VLM08502520
Scapania mucronata	Broddtvebladmose			32VLM08572525
Scapania nemorea	Fjordtvebladmose			32VLM08572525
Schistidium maritimum	Saltblomstermose		x	32VLM08502520
Sphagnum palustre	Sumptorvmose			32VLM08502520
Sphagnum rubellum	Rødtorvmose			32VLM08502520
Thuidium tamariscinum	Stor thujamose			32VLM08502520
Tortella bambergeri	Kalkvrिमose			32VLM08632524
Trichostomum brachydontium	Strandsvamose			32VLM08502520
Ulota crispa	Krusgullhette			32VLM08572525
Ulota drummondii	Snutegullhette			32VLM08572525
Ulota hutchinsiae	Steingullhette			32VLM08502520
Ulota phyllantha	Piggknoppgullhette			32VLM08472531
Weissia controversa	Tannkrusmose			32VLM08502520
Zygodon stirtonii	Strandkjølmose			32VLM08472531

Krysslister for Søre Ilholmen 30. sept og 18. okt 2015

Latinsk navn	Norsk navn	RL2010	Belegg	Koordinat
Andreaea rothii	Nervesøtmose			32VLM08442364
Atrichum undulatum	Startaggmose			32VLM08442364
Aulacomnium androgynum	Dvergfiltmose			32VLM08492372
Aulacomnium palustre	Myrfiltmose			32VLM08442364
Brachythecium albicans	Bleiklundmose			32VLM08442364
Brachythecium rutabulum	Storlundmose			32VLM08442364
Bryum alpinum	Kopparvrangmose			32VLM08442364
Bryum argenteum	Sølvvrangmose			32VLM08442364
Bryum capillare	Skruevrangmose		x	32VLM08442364
Campylopus introflexus	Ribbesåtemose			32VLM08362368
Campylopus flexuosus	Trøsaåtemose			32VLM08442364
Campylopus fragilis	Kostsaåtemose			32VLM08442364
Campylopus pyriformis	Torvsåtemose	VU	x	32VLM08362368
Ceratodon purpureus	Ugrasvegmosse			32VLM08442364
Dicranella heteromalla	Smaragdgrøftmose			32VLM08442364
Dicranum scoparium	Ribbesigd			32VLM08442364
Diplophyllum albicans	Stripefoldemose			32VLM08442364
Frullania tamarisci	Matteblæremose			32VLM08442364
Funaria hygrometrica	Pestbråtemose			32VLM08362368
Grimmia montana	Kuleknausing			32VLM08442364
Hedwigia ciliata	Gråsteinmose			32VLM08442364
Hedwigia stellata	Sprikesteinmose			32VLM08492372
Heterocladium heteropterum	Trådfloke			32VLM08362368



Hylocomium splendens	Etasjemose			32VLM08442364
Hypnum cupressiforme	Matteflette			32VLM08442364
Hypnum jutlandicum	Heiflette			32VLM08442364
Hypnum resupinatum	Kystflette			32VLM08442364
Isothecium myosuroides	Musehalemose			32VLM08442364
Kindbergia praelonga	Sprikemoldmose			32VLM08442364
Lepidozia reptans	Skogkrekemose			32VLM08442364
Leptodontium flexifolium	Brannmose	EN	x	32VLM08362368
Lophocolea bidentata	Totannblonde			32VLM08442364
Marchantia polymorpha	Ugrastvare			32VLM08362368
Metzgeria furcata	Gulband			32VLM08442364
Mnium hornum	Kysttornemose			32VLM08442364
Nowellia curvifolia	Larvemose			32VLM08442364
Orthotrichum affine	Klokkebusthette			32VLM08362368
Orthotrichum rupestre	Faksbustehette		x	32VLM08442364
Plagiomnium ellipticum	Sumpfagermose		x	32VLM08442364
Plagiomnium undulatum	Krusfagermose			32VLM08442364
Plagiothecium undulatum	Kystjamnemose			32VLM08442364
Pleurozium schreberi	Furumose			32VLM08442364
Pohlia nutans	Vegnikke			32VLM08362368
Polytrichastrum formosum	Kystbinnemose			32VLM08442364
Polytrichum juniperinum	Einerbjørnemose			32VLM08442364
Polytrichum piliferum	Rabbebjørnemose			32VLM08442364
Pseudoscleropodium purum	Narremose			32VLM08442364
Pseudotaxiphyllum elegans	Skimmermose			32VLM08442364
Racomitrium aquaticum	Bekkegråmose		x	32VLM08442364
Racomitrium ericoides	Fjærgråmose			32VLM08362368
Racomitrium heterostichum	Berggråmose			32VLM08442364
Racomitrium obtusum	Kystgråmose		x	32VLM08442364
Rhizomnium punctatum	Bekkerundmose			32VLM08492372
Rhytidiadelphus loreus	Kystkransmose			32VLM08492372
Rhytidiadelphus squarrosus	Engkransmose			32VLM08442364
Rhytidiadelphus triquetrus	Storkransmose			32VLM08442364
Sphagnum capillifolium	Furutorvmose			32VLM08442364
Sphagnum girgensohnii	Grantorvmose			32VLM08442364
Sphagnum palustre	Sumptorvmose			32VLM08442364
Sphagnum papillosum	Vortetorvmose			32VLM08442364
Syntrichia ruralis	Putehårstjerne		x	32VLM08492372
Thuidium delicatulum	Bleiktujamose			32VLM08442364
Thuidium tamariscinum	Stortujamose			32VLM08442364
Tortula muralis	Myrtustmose			32VLM08492372
Ulota crispa	Krusgullhette			32VLM08442364
Ulota drummondii	Snutegullhette			32VLM08442364
Ulota phyllantha	Piggknoppgullhette		x	32VLM08442364

Krysslister for Opdal og Strandnes 17. okt 2015

Latinsk navn	Norsk navn	RL2010	Belegg	Koordinat
Amphidium mougeotii	Bergpolstermose			32V LM23100016
Anoetangium aestivum	Skortejuvmose			32V LM23210013
Anomodon viticulosus	Kalkraggmose			32V LL23379995
Atrichum undulatum	Stortaggmose			32V LM23100016
Bartramia ithyphylla	Stivkulemose			32V LM23210013
Bartramia pomiformis	Eplekulemose			32V LM23210013



<i>Blindia acuta</i>	Rødmesigmose			32V LL23379995
<i>Brachythecium rivulare</i>	Sumplundmose			32V LM23100016
<i>Brachythecium rutabulum</i>	Storlundmose			32V LM23100016
<i>Bryoerythrophyllum recurvirostrum</i>	Raudfotmose			32V LM23210013
<i>Bryum argenteum</i>	Sølvvrangmose			32V LM23210013
<i>Bryum capillare</i>	Skruevrangmose			32V LL23379995
<i>Bryum elegans</i>	Hårskruevrangmose			32V LM23210013
<i>Bryum pseudotriquetrum</i>	Bekkevrangmose			32V LM23100016
<i>Bryum subapiculatum</i>	Kuleknollvrangmose	NT		32V LM23210013
<i>Calliergonella cuspidata</i>	Sumpbroddmose			32V LM23100016
<i>Campylopus flexuosus</i>	Trøksåtemose			32V LL23379995
<i>Campylopus fragilis</i>	Kostsåtemose			32V LM23100016
<i>Cirriphyllum piliferum</i>	Lundveikmose			32V LL23379995
<i>Cololejeunea calcarea</i>	Spindelmose			32V LM23100016
<i>Conardia compacta</i>	Havmose	DD	x	32V LM23100016
<i>Conocephalum salebrosum</i>	Bergkrokodillemose			32V LM23100016
<i>Ctenidium molluscum</i>	Kammose			32V LM23100016
<i>Dichodontium pellucidum</i>	Sildremose			32V LM23100016
<i>Dicranella heteromalla</i>	Smaragdgrøftemose			32V LM23100016
<i>Dicranum majus</i>	Blanksigd			32V LM23100016
<i>Dicranum scoparium</i>	Ribbesigd			32V LM23100016
<i>Didymodon fallax</i>	Vegkurlmose			32V LM23210013
<i>Diplophyllum albicans</i>	Stripefoldmose			32V LM23100016
<i>Encalypta streptocarpa</i>	Storklokkemose			32V LM23100016
<i>Eurhynchium striatum</i>	Kystmoldmose			32V LM23100016
<i>Fissidens adianthoides</i>	Saglommemose			32V LM23210013
<i>Fissidens bryoides</i>	Dverglommemose			32V LM23210013
<i>Fissidens dubius</i>	Kystlommemose			32V LM23100016
<i>Fissidens gracilifolius</i>	Pyslommemose	VU	x	32V LM23100016
<i>Fissidens osmundoides</i>	Stivlommemose			32V LL23379995
<i>Fissidens taxifolius</i>	Kalklommemose		x	32V LL23379995
<i>Frullania dilatata</i>	Hjelmbæremose			32V LL23379995
<i>Frullania fragilifolia</i>	Skjørblæremose			32V LM23100016
<i>Frullania tamarisci</i>	Matteblæremose			32V LL23379995
<i>Funaria hygrometrica</i>	Pestbråtemose			32V LM23210013
<i>Grimmia hartmanii</i>	Sigdknausing			32V LL23379995
<i>Gymnostomum aeruginosum</i>	Bergrotmose			32V LM23100016
<i>Heterocladium heteropterum</i>	Trådfloke		x	32V LM23210013
<i>Homalothecium sericeum</i>	Krypsilkemose			32V LM23100016
<i>Hylocomium splendens</i>	Etasjemose			32V LM23100016
<i>Hypnum andoi</i>	Grannflette			32V LM23100016
<i>Hypnum cupressiforme</i>	Matteflette			32V LM23100016
<i>Isopterygiopsis muelleriana</i>	Kystblankmose			32V LL23379995
<i>Isothecium alopecuroides</i>	Rottehalemose			32V LL23379995
<i>Isothecium myosuroides</i>	Musehalemose			32V LM23100016
<i>Jungermannia exsertifolia</i>	Kjeldesleivmose		x	32V LL23379995
<i>Jungermannia pumila</i>	Nebbsleivmose			32V LL23379995
<i>Lejeunea cavifolia</i>	Glansperlemose			32V LL23379995
<i>Loeskeobryum brevirostre</i>	Kystmose			32V LL23379995
<i>Lophocolea heterophylla</i>	Stubbeblonde			32V LM23210013
<i>Marsupella emarginata</i>	Mattehutmose			32V LM23100016
<i>Metzgeria conjugata</i>	Kystband			32V LM23100016
<i>Metzgeria furcata</i>	Gulband			32V LM23100016
<i>Mnium hornum</i>	Kysttornemose			32V LM23100016
<i>Mnium stellare</i>	Stjernetornemose		x	32V LL23379995



Molendoa warburgii	Kysttettepose	VU		32V LM23210013
Neckera complanata	Flatfellmose			32V LM23100016
Neckera crispa	Krusfellmose			32V LM23100016
Neckera pumila	Vrengfellmose		x	32V LL23379995
Orthotrichum lyellii	Kystbustehette			32V LL23379995
Orthotrichum rupestre	Faksbustehette			32V LL23379995
Orthotrichum stramineum	Bleikbustehette		x	32V LL23379995
Oxyrrhynchium hians	Oremoldmose		x	32V LM23210013
Oxystegus tenuirostris	Kaursvamose			32V LL23379995
Palustriella commutata	Kalktuffmose			32V LM23100016
Paraleucobryum longifolium	Sigdnervemose			32V LM23100016
Plagiochila porelloides	Berghinnemose			32V LM23100016
Plagiomnium affine	Skogfagermose			32V LM23100016
Plagiomnium undulatum	Krusfagermose			32V LM23100016
Plagiothecium cavifolium	Skeijamnemose		x	32V LM23100016
Plagiothecium nemorale	Skrumpjamnemose		x	32V LM23100016
Plagiothecium latebricola	Orejamnemose		x	32V LM23100016
Plagiothecium undulatum	Kystjamnemose			32V LM23100016
Pohlia cruda	Opalnikke			32V LL23379995
Polytrichastrum formosum	Kystbinnemose			32V LM23100016
Polytrichum commune	Storbjørnemose			32V LM23210013
Pseudotaxiphyllum elegans	Skimmermose			32V LM23210013
Pylaisia polyantha	Ospemose			32V LM23100016
Racomitrium aciculare	Buttgråmose			32V LM23100016
Racomitrium aquaticum	Bekkegråmose		x	32V LM23100016
Racomitrium heterostichum	Berggråmose		x	32V LM23210013
Radula complanata	Krinsflatmose			32V LL23379995
Rhabdoweisia crispata	Kysturnemose			32V LM23100016
Rhizomnium punctatum	Bekkerundmose			32V LM23100016
Rhytidiadelphus loreus	Kystkransmose			32V LM23100016
Rhytidiadelphus triquetrus	Storkransmose			32V LM23100016
Scapania nemorea	Fjordtvebladmose		x	32V LM23100016
Schistidium strictum	Kystblomstermose		x	32V LL23379995
Sciuro-hypnum populeum	Ospelundmose			32V LM23100016
Seligeria donniana	Holeblygmose			32V LM23100016
Seligeria recurvata	Bogeblygmose			32V LM23100016
Thamnobryum alopecurum	Revemose			32V LM23100016
Thuidium delicatulum	Bleiktujamose			32V LL23379995
Thuidium tamariscinum	Stortujamose			32V LM23100016
Tortella tortuosa	Putevrimose			32V LM23100016
Ulotia bruchii	Oregullhette			32V LL23379995
Ulotia crispa	Krusgullhette			32V LM23100016
Ulotia drummondii	Snutegullhette			32V LM23100016
Weissia controversa	Tannkrusmose			32V LM23100016

Kryssliste for Eidet 19. sept 2015

Latinsk namn	Norsk namn	RL2010	Belegg	Koordinat
Bartramia halleriana	Storkulemose			32V LM06721603
Bazzania trilobata	Storstylte			32V LM06721603
Blindia acuta	Rødmesigmose			32V LM06721603



Bryum capillare	Skruevrangmose			32V LM06721603
Campylopus atrovirens	Pelssåtemose			32V LM06721603
Ceratodon purpureus	Ugrasvegmosse			32V LM06721603
Dicranum fuscescens	Bergsigd			32V LM06721603
Diplophyllum albicans	Stripefoldmose			32V LM06721603
Frullania tamarisci	Matteblæremose			32V LM06721603
Heterocladium heteropterum	Trådfloke			32V LM06721603
Hygrohypnum ochraceum	Klobekkemose			32V LM06721603
Hylocomium splendens	Etasjemose			32V LM06721603
Hycomium armoricum	Flommose	VU	x	32V LM06721603
Hypnum cupressiforme	Matteflette			32V LM06721603
Isoetecium myosuroides	Musehalemose			32V LM06721603
Lophocolea bidentata	Totannblonde		x	32V LM06721603
Marsupella emarginata	Mattehutmose			32V LM06721603
Mnium hornum	Kysttornemose			32V LM06721603
Plagiochila porelloides	Berghinnemose			32V LM06721603
Plagiomnium undulatum	Krusfagermose			32V LM06721603
Plagiothecium denticulatum	Flakjamnemosse			32V LM06721603
Plagiothecium undulatum	Kystjamnemosse			32V LM06721603
Polytrichastrum formosum	Kystbinnemosse			32V LM06721603
Polytrichum juniperinum	Einerbjørnemosse			32V LM06721603
Racomitrium aciculare	Buttgråmosse			32V LM06721603
Racomitrium aquaticum	Bekkegråmosse			32V LM06721603
Racomitrium lanuginosum	Heigråmosse			32V LM06721603
Rhizomnium punctatum	Bekkerundmosse			32V LM06721603



Rhytidiadelphus loreus	Kystkransmose			32V LM06721603
Sanionia uncinata	Klobleikmose			32V LM06721603
Scapania gracilis	Kysttvebladmose		x	32V LM06721603
Scapania undulata	Bekketvebladmose			32V LM06721603
Schistidium apocarpum	Storblomstermose			32V LM06721603
Sciuro-hypnum plumosum	Bekkelundmose		x	32V LM06721603
Thuidium tamariscinum	Stortujamose			32V LM06721603